



Dei "sentrale" deler av Skorpo sett frå lufta. Det aktuelle arealet ligg inne i bukta til høgre på biletet. (Foto: Erlend Moen)

**Ole Kristoffer Vågen på Skorpo har søkt om å få kjøpa eit areal i strandlinja mellom verkstaden hans og moloen til plassering og montering av saghuset til ei tømmerstags/bandsag og no har saksbehandalar Grethe Sandvik svara.**

Ho peikar på at eigedommen er eigd av kommunen og ut frå reguleringsplan og gjeldande kommuneplan for området er dette arealet regulert til offentleg kai. Sidan verksemdsleiar og leiar for eigedomsavdelinga er på ferie vert ikkje sal av arealet teke opp på møte før midten av juni.

Men Sandvik har også sendt saka til Oscar Langballe. Dette er ei offentleg kai og difor ønskjer saksbehandlaren å be om eventuelle merknader frå Langballe som grunneigar av stort areal på Skorpo før spørsmålet om eventuelt sal vert teke opp frå kommunen si side.

Av Ola Matti Mathisen